



Din Bolig Søknad As
Renate Eriksen
Postboks 145
5408 SAGVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10702 - 23/10893

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
15.03.2023

Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 351/158 Landsvik

Tiltak: bygging av kai, utlegging av flytebrygge og utfylling i sjø
Byggjestad: Gbnr: 351/158
Tiltakshavar: Erik Saltvold
Ansvarleg søkjar: Erik Saltvold

Kommunen viser til revidert søknad datert 10.11.2022 med suppleringsdokument 25.01.2023. Kommunen finn at søknad framleis ikkje er komplett. Søknad må supplerast med følgjande dokumentasjon:


1. Statsforvaltar viser til at tiltak krev dispensasjon frå arealføremål, ettersom det ikkje er opna for einingar innanfor NA19 i kommunedelplan for Meland, føresegn 2.1.5. Kommunen vurderer at føresegn 2.1.5 seier noko konkret om utbygging av det aktuelle naustområdet. Det er her presisert at det vert opna for 0 nye einingar. Kommunen ser etter ny gjennomgang at det er naudsynt med dispensasjon frå føresegn 2.1.5.

Søknad må følgjeleg supplerast med dispensasjon frå føresegn 2.1.5 dersom den skal takast til realitetshandsaming.

2. Viser vidare til at det er opplyst at takutstikk på naust strekk seg ut i arealføremål «fritidsbustad», og tidlegare korrespondanse om dette på telefon. Dersom tiltak strekk seg inn i arealføremål «fritidsbustad», må det søkjast om dispensasjon frå dette.

Dersom tiltak strekk seg over i arealføremål «fritidsbustad» må det vidare sendast inn søknad om dispensasjon frå byggegrense i kommunedelplan, ettersom føresegn 1.6.2 ikkje set byggegrense til 0 meter innanfor arealføremål «fritidsbustad». Byggegrense for

fritidsbustad er vist i plankart:



3. Tiltak er avhengig av løyve etter havne- og farvannslova. Kommunen kan dermed ikkje gje løyve i eitt-trinn, jf. pbl.§21-5. Ber om tilbakemelding på om dykk ynskjer at dispensasjon skal handsamast isolert først, eller om dykk ynskjer å gjere om søknad til søknad om rammeløyve.

Vedlagt følgjer uttale frå Bergen Hamn og Statsforvaltaren i Vestland til orientering.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **04.05.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Uttale - gbnr 351/158 Landsvik - kai - flytebrygge - utfylling i sjø - dispensasjon

Uttale vedr. - Oversender søknad til uttalelse - Søknad om bygging av kai, utlegging av flytebrygge og utfylling i sjø - GBNR 351/158 Landsvik

Kopi til:

Din Bolig Søknad As

Postboks 145

5408

SAGVÅG

Mottakrarar:

Din Bolig Søknad As

Postboks 145

5408

SAGVÅG

Erik Saltvold

Odins Veg 30

5221

NESTTUN